



DE SISTE KRISTNE I IRAK?

Irak: Kan ødelagt tillit og vandaliserte hjem repareres etter IS? **2, 4-11**
Flukten fra Nord-Koreas helvete **12** | Forandret for livet i Libanon **20**
Myanmar: Barn tvinges til å bli buddhister **14** | Ed Brown: – Gleder meg **16**



'IRAK UTAN KRISTNE FARLEG FOR VESTEN'

TEKST OG FOTO: JOHANNES MORKEN

– Kva er situasjonen for kristne i Irak, Nicodemus Daoud?

– Dersom Midtausten blir tømt for kristne, er det farleg for Midtausten. Men eg trur ikkje Vesten veit kor farleg dette også er for Vesten. Vesten har dei kristne røtene sine i Midtausten. Den som får røtene kutta, dør.

– Kva gjer de for dei som framleis er i Irak?

– Vi hjelper folk tilbake til byar på Ninive-sletta. Ingen kristne vil tilbake til Mosul. Men dagleg seier vi farvel til nye familiar som dreg ut av landet. Dei har mista håpet for landet, dei vil skaffa barna ei framtid. Difor vil dei leva i fred.

– Kva fører utvandringa til?

– Den er eit stort tap for den syrisk-ortodokse kyrkja og for landet. Irak er fedrelandet vårt. For oss er dette eit heilagt land. Dreg vi til

Vesten har dei kristne røtene sine i Midtausten. Den som får røtene kutta, dør.

Vesten, har vi etter kvart ingenting. I Argentina er det eit stort samfunn av folket vårt, men til påskegudstenesta kjem det berre ein handfull. Dei som dreg, mistar språket, både arameisk og arabisk, dei mistar liturgien som har følgt oss og hjelpt oss gjennom hundreåra. I Vesten blir dei kanskje lukkelege no. Men framtida

Framtid for kristne i Irak?

Sommaren 2014 kom marerittet til Mosul og byane på Ninive-sletta i Nord-Irak. Svartkledd IS-krigarar storma byar og landsbyar med valdsregimet sitt. Det gjekk hardt ut over alle som ikkje trudde på kalifatet. Mange kristne flykta frå landet. Snart fire år etter har nokre tusen kristne som blei flyktningar i eige land, vendt tilbake til heimane sine. Er det ei framtid for kristne i Irak? På side 4-11 kan du møta folk som lever midt i dramaet.

Johannes Morken
Redaktør
jm@stefanus.no



Nicodemus Daoud (42)

- Erkebiskop av Mosul, Den syrisk-ortodokse kyrkja, i Nord-Irak
- Flykta som siste biskop då IS okkuperte byen i juni 2014
- Leier kyrkja frå Erbil, i den sjølvstyrte Kurdistan-regionen
- Deltok på fakkeltøget i Oslo 2015

er usikker. Her i Irak har folket vårt vore frå før Kristus, og vi har vore kristne her i 2000 år. Her kjem folk til prest eller biskop for å få velsigning, i Vesten seier dei berre «hei».

– Kva treng de?

– Vi treng hjelp til å bli verande, til å byggja på tradisjonar og til å byggja oppatt hus og kyrkjer, hjelp til å gje folket håp. Eg ber Donald Trump seia til dei kurdiske og irakiske styresmaktene at han vil verna dei kristne i Ninive. Han treng ikkje senda soldatar, men gje eit klart signal om at han vil verna oss dersom det trengst. Men han seier det ikkje.

– Kva er håpet ditt?

– Eg har håp i Gud, ikkje i menneske. Eg har håp i Jesu oppstandelse. Eg bed Gud gripa inn den dagen Han bestemmer. Tenk ikkje først og fremst på katedralane våre, sjølv om dei er øydelagde. Vi byggjer nye kyrkjer. Tenk på folket. Gud testar trua vår, men han går ikkje frå oss.

Magasinet
stefanus

Utgiver:
Stefanusalliansen

Adresse:
Trondheimsveien 137,
pb 6603 Rodeløkka,
0502 Oslo

post@stefanus.no
www.stefanus.no

Telefon:
23 40 88 00

Ansvar. redaktør:
Hilde Skaar Vollebæk,
konst. generalsekretær

Redaktør:
Johannes Morken

Redaksjon:
Birgitte Moe Olsen
Thea Haavet

Design:
Tyde: Bendik Schøien

Trykk:
Kai Hansen Trykkeri

Forsidefoto:
Fra Mar Mattai i Irak,
Pål Brenne

Opplag:
16 400

Gavekonto:
3000 14 57922

Styreleder:
Gunnar Dehli

Repr.skapsleder:
Karin Riska



Stefanusalliansen er en misjons- og menneskerettsorganisasjon, med særlig vekt på trosfrihet og på misjon der trosfriheten aktivt motarbeides.

Synspunkter i artikler står for forfatteres og intervjuobjekters regning. Stefanusalliansens meninger uttrykkes i lederartikler og kommentarer skrevet av staben.

For givere og abonnenter: Vi følger personopplysningsloven.

www.stefanus.no
f/stefanusalliansen
@stefanusalliansen

NEDERLAG, MARTYRIUM OG VEKST

Stefanusalliansen låner navnet til den første kristne martyr Stefanus. Men utover bibelske beretninger, opptar martyrfortellinger i liten grad norske kristnes oppmerksomhet. I den koptisk-ortodokse tradisjonen i Egypt har derimot martyriet vært en så sentral del av kirkens historie at den koptiske tidsregningen starter i år 284. Det var året da den romerske forfølgelsen under keiser Diokletian brøt ut.

I dag refererer mange kristne i Egypt også til datoen 15. februar 2015 når de snakker om martyrer. Ikke lenger som kun et historisk fenomen, men en hendelse som skaket også vår del av verden. Gjennom en nøye registrert videoproduksjon ble drapene på 20 egyptiske koptere kringkastet av terrorgruppen IS. Sammen med dem gikk også en ghanesisk mann frivillig i døden. «Deres Gud er min Gud» var svaret han gav da han fikk valget mellom halshugging eller å benekte sin nye tro på Jesus.

For hver kjent martyr i både nåtid og fortid, finnes det utallige ukjente nesten-martyrer.

Tilgivelse

Målet med den filmatiske fremstillingen av drapene var å skape mest mulig frykt og få terroristene til å fremstå som mektige og seirende. Men et enda sterkere inntrykk brente seg fast, da de etterlatte familiemedlemmene gikk ut på egyptisk fjernsyn og forkynte at de tilga drapsmennene og ba om at de måtte vende om fra sine onde handlinger. Flere av de pårørende takket terroristene for at de filmet ofrenes vitnesbyrd i dødsøyeblikket. Nå er de sikre på at deres kjære sønner og brødre er hos Gud. Alle de 21 ofrene regnes som martyrer i den koptiske kirke, og har fått sin minnedag 15. februar.



Ikonet av de 21 martyrene er malt av Tony Rezk i 2015.

Samme landsby

Syv av ofrene var fra samme lille landsby, El Our i provinsen El Minya. Egyptiske myndigheter har betalt for byggingen av en ny kirke som bærer deres navn. I disse dager venter de pårørende på at de dødes levninger skal frigis og bli begravet i denne kirken.

Samtidig åpner også Stefanusbarna snart en barnehage i den samme landsbyen. Mama Maggie, Stefanusalliansens partner, kjente godt fem av de drepte fra El Our. To av dem hadde vært ledere i Stefanusbarnas arbeid, men så seg nødt til å reise til Libya for å hjelpe familien økonomisk. Den opplæringen de fikk gjennom Stefanusbarna, viste seg å holde også i møte med døden.

Nesten-martyrer

For hver kjent martyr i både nåtid og fortid, finnes det utallige ukjente nesten-martyrer. Mennesker som likevel ikke holder fast i møte med ekstrem vold og dødstrusler, som benekter og kanskje slipper unna. Ved siden av martyrenes mirakuløse standhaftighet er det et annet like stort mysterium: Kirken er bygget på Stefanus sitt vitnesbyrd, men også på Peter, klippen, som i første omgang sviktet fullstendig.

Noen av Stefanusalliansens partnere står tett på etterlatte etter ofre for dødelig forfølgelse. Andre bærer også den tunge byrden med sjelesorg og omsorg overfor dem som ikke ble martyrer. Håpet ligger i at både nederlag og martyrium kan gi grobunn for hellig vekst.



Hilde Skaar Vollebæk

■ Hilde Skaar Vollebæk
Konstituert generalsekretær

Synspunkter på lederen?
Send dem til hsv@stefanus.no

Presten Yusuf var klar til å bli martyr dersom IS-terroristane hadde klart å koma seg fram til det over 1600 år gamle klosteret.

‘VESTEN BRYR SEG IKKJE OM OSS’

IRAK: TEKST, JOHANNES MORKEN; FOTO, PÅL BRENNE

– Herfrå kunne vi sjå IS-forsøka på å nedkjempa dei kurdiske styrkane, seier fader Yusuf med utsikt over Ninive-sletta. Han heldt stand på klosteret, klar til å dø.

» Eg seier at innan fem år, ikkje ti, vil Irak vera heilt tømt for kristne, dersom det ikkje blir ei løysing som gjev oss tryggleik.
Fader Yusuf

I ei fjellside over Ninive-sletta i Irak har Mar Mattai-klosteret klora seg fast sidan det vart grunnlagt i år 361. Dette er eit av dei eldste som framleis er i bruk. Klosteret vart grunnlagt av Sankt (Mar) Mattai (Matteus). Han hadde kring 30 år tidlegare flykta frå romersk forfølgning av kristne i eit område som i dag ligg aust i Tyrkia.

Klosteret har klart seg anten mongolar, muslimar eller britar har herska på Ninive-sletta. Dette er ei slette med lang bibelsk historie – profeten Nahum, som spådde Ninives fall, er gravlagt i ein landsby ikkje langt unna. Ninive låg nær dagens Mosul, den største byen i Nord-Irak. Ninive-sletta er i dag eit kjerneområde for kristen busetnad i Irak.

Men snart kan det vera slutt.

Broren drepen

Fader Yusuf kom som munk frå Mosul til klosteret Mar Mattai tidleg i 2006. I mai same året blei broren skoten ned og drepen av islamistiske terroristar i heimbyen. Heile familien flykta til Kurdistan, den sjølvstyrte regionen i Nord-Irak.

Drap på kristne i 2006 og 2007 både i Mosul og Bagdad førte til at mange kristne drog frå landet. I 2007 og 2008 bygde Mar Mattai-klosteret tre nye landsbyar for kristne som hadde flykta, like nedanfor klosteret.

Barbariet i Mosul

Det er kveld på Mar Mattai. Frå klosteret oppe i fjellsida ser vi mot sørvest lysa frå Mosul, knapt tre mil unna. Det vi ser er den delen av byen som ligg aust for elva Tigris. Bydelen vest for Tigris er øydelagt og har knapt eit einaste lys.

I juni 2014 klarte 300 svartkledd IS-krigarar å overta Mosul med grufull vald og ekstremistiske trugsmål. Titusenar av irakiske soldatar flykta og etterlet seg våpen som IS overtok – og let sunnimuslimar, sjiamuslimar og kristne klara seg åleine mot terrorregimet.

Kristne fekk valet mellom å flykta, bli drepne eller konvertera til islam. Kvar einaste kristne drog frå alt dei hadde. Til Mar Mattai kom 60 kristne familiar. Også mange muslimar og yezidiar flykta frå barbariet.

I august invaderte IS-terroristar byar og landsbyar på Ninive-sletta. Dei kristne som ikkje kom seg ut av landet, fekk vern i den sjølvstyrte kurdiske regionen, som flyktningar i eige land – i hus eller flyktningleirar.

Dei einaste som stod imot IS-brutaliteten denne blodige sommaren, var peshmerga-styrkane til den kurdiske sjølvstyreregjerinnga. På vegen rett nedanfor Mar Mattai-klosteret, like ved dei nye kloster-landsbyane, prøvde IS-krigarar fleire gonger å nedkjempa dei kurdiske styrkane. Hadde IS klart det, ville den nokså nye og asfalterte vegen opp dalsida til Mar Mattai-klosteret ligge vid open for nådelause IS-krigarar.

Martyr

Nokre få munkar var tilbake saman med éin familie.

– Vi kunne sjå IS-angrepa nede på vegen, dei kom ofte når det var dårleg ver, seier fader Yusuf. Han er i dag ein av dei fem munkane som held til på Mar Mattai saman med biskopen for klosteret og dei næraste landsbyane.

– Eg var klar til å bli drepen dersom IS kom, seier fader Yusuf og legg til:

– Heilt frå vi var små har eg vore misunneleg på storebroren min. Som den førstefødde var han alltid favoritten i familien. Og då han blei martyr, ville også eg gjerne bli det. Det største for kristne er å bli martyrar, slik apostlane blei det.

I kyrkja på klosteret startar dagen alltid med ein halvtimes morgonbønn, med tekstar særleg frå salmane. Bønerytmen går gjennom dagen, slik den har gjort gjennom hundreåra. Til klosteret kjem menneske som vil be, søkja råd eller få hjelp.

I hylla på kontoret til fader Yusuf står eit apparat for å måla blodtrykket. Munken har utdanning som mekanisk ingeniør og arbeidde i yngre dagar også ei tid på eit apotek. Med langt til legar tek munkane imot menneske som treng helsehjelp. Til klosteret søkjer menneske også som ber Gud om eit mirakel.

– Mirakel skjer, seier fader Yusuf.

Svikta

Men når tek bønene og mirakla på Mar Mattai slutt? Det veit ingen. Fader Yusuf er djupt pessimistisk. Han kjenner seg svikta av Vesten.

– Eg trur ikkje det er internasjonal vilje til å verna oss. Det gjeld alle minoritetane. Forsøket på folkemord mot yezidiane blir berre fortalt som ei historie. Det vil koma nye forfølgingar. Vi trur ikkje IS er borte, mange terroristar har etter at dei vart nedkjempa, gøymt seg blant dei sivile og ventar på å organisera seg til nye angrep, annleis enn sist, men likevel farleg. Og sidan vi kristne ikkje forsvarar oss med vald, er alternativet å flykta. →

Gjennom hundreåra har bønene lydd på arameisk i Mar Mattai-klosteret.





Har reist

Gjennom hundreåra er klosteret halde oppe av at kristne har gjeve donasjonar. Men no er svært mange flykta frå landet. Og både dei som flykta og dei som er tilbake, mista alt dei hadde då IS dreiv si omfattande etniske reinsing. No er det i staden kyrkjefolket som treng hjelp.

– I tre år fekk vi inga hjelp utanfrå. Alt kvilte på kyrkja, seier fader Yusuf.

– Vi prøver å hjelpa folk. Men handlingsrommet vårt er lite. Vi gjer det beste vi kan for å byggja opp att eit liv for dei som er på flukt i eige land eller har prøvd å reisa heim til husa dei vart jaga ifrå, seier fader Yusuf.

Framtid utanlands

Det er store syrisk-ortodokse samfunn i Holland, Sverige, USA, Canada, Australia. Mange av dei som er att i Irak, vil helst dra ut av landet for å skapa ei framtid i fred for barna sine.

– Dei fleste klandrar foreldra sine fordi dei ikkje drog frå Irak tidlegare. Dei er sjølve redde for at deira barn i neste omgang skal klandra dei. Mange ser inga framtid, dei har sett forfølging etter forfølging. Kvar skal dette enda, spør fader Yusuf.

– *Blir du her til dei siste kristne dreg?*

– Det veit eg ikkje. Eg er ikkje fri. Dersom kyrkja ber meg dra ein annan stad, må eg lyda. Sidan talet på kristne frå Irak stig i andre land, treng dei prestar der.

– *Kor mange kristne er att i Irak om ti år?*

– Eg seier at innan fem år, ikkje ti, vil Irak vera heilt tomt for kristne, dersom det ikkje blir ei løysing som gjev oss tryggleik. Vi treng ein internasjonal garanti frå FN for at vi trygt kan vera her – det gjeld både oss kristne og andre minoritetar, fordi vi ikkje lenger stolar på nokon. Vi treng hjelp, og det hastar.

SJÅ VIDEO

På www.stefanus.no kan du sjå videointervju med fader Yusuf.



Krossteiknet: I fjellsida over Ninive-sletta ligg Mar Mattai-klosteret.



Irak

- Folketal: 35 millionar
- Hovudstad: Bagdad
- Oppretta etter første verdskrigen, under britisk styre, sjølvstendig i 1932.
- Religion: Islam

Kurdistan

- Sjølvstyrt region
- Hovudstad: Erbil
- Omfattar to tredelar av områda i Nord-Irak der det er kurdisk fleirtal.
- Avtale om sjølvstyre i 1970 aldri sett ut i livet.
- Kurdisk sjølvstyre frå 1992, etter Golfkrigen.
- Fire kurdisk-dominerte område vest og sørvest for Kurdistan har uavklart status.
- Kring 100 kristne landsbyar ligg i Kurdistan. I dei «omstridde områda» ligg fleire kristne byar, som Qaraqosh, Bartella og Tel Skuf.

Ninive

- Ruinby i Irak, like ved Mosul.
- Ein av de viktigaste byane i oldtidens Midtausten.
- I 1. Mosebok byggjer Noas barnebarn Nimrod her.
- Profeten Jona vart send til Ninive for å profetere byens undergang dersom folket ikkje omvende seg. Folket angra, Gud sparte byen.
- Angeren heldt ikkje. Profeten Nahum vart send for å profetere ny undergang. No vart byen øydelt.
- I Matt 12,41 snakkar Jesus om Ninive.

KJEMPAR MOT MISTILLIT

I IRAK: TEKST, JOHANNES MORKEN; FOTO, PÅL BRENNE

Fader Samir har prøvd å byggja bru over ein avgrunn av mistru etter IS. Fadia (25) vil helst dra frå landet fordi ho ikkje lenger stolar på muslimar.

– Vi veit ikkje kven som er med i eller støttar IS, seier Fadia – som flykta frå IS til ein landsby i den kurdiske regionen i Irak.

IS var ikkje dei første som vandaliserte kristne landsbyar. I sin iver etter å slå ned det kurdiske ønskje om uavhengig styre, dreiv Saddam Hussein frå 1975 til kring 1990 hardhendt arabisering i dei kurdiske områda i nord. Av dei 4 500 kurdiske landsbyane han øydela, var 125 kristne. 67 kyrkjer vart knuste.

Landsbyen vi er i, overlevde Saddams angrep. Her har fader Samir, kaldeisk-katolsk prest, stått sentralt i eit kyrkjeleg hjelpearbeid for kristne, yezidiar og muslimar som i 2014 flykta frå IS-barbariet. Det einaste dei hadde med seg, var det dei gjekk og stod i.

Kidnappa

Kyrkja har skaffa folk mat og tak over hovudet. I starten kunne det bu 10 familiar i eitt hus. Ein av flyktningane som har fått hjelp hos fader Samir, er Fadia (25) og familien hennar. Medan familien budde i den irakiske hovudstaden Bagdad, vart broren til Fadia kidnappa av ekstremistiske muslimar. Familien flykta til landsbyen Tel Keppe på Ninivesletta. Faren døydde av det harde presset. Broren blei til slutt kjøpt ut. Så kom IS hausten 2014 – dei jaga dei kristne frå landsbyen deira og mange andre landsbyar.



Fader Samir fekk ansvar for flyktningar – kristne, yezidiar og muslimar.



– Vi vågar ikkje leva saman med muslimar, seier Fadia.

Sjia-kontroll

I dag er det ingen som har håp om venda tilbake. Irakiske styrkar kontrollerer sjekkpunkta til Tel Keppe. Inne i byen har ein sjia-milits kontroll. Husa er røva og vandaliserte. Grava til faren vart øydelt av IS med ei kraftig anleggsmaskin.

– Vi vender aldri tilbake, heller ikkje til Bagdad. Helst vil vi ut av landet. Vi kan ikkje leva saman med muslimar, vi veit ikkje kven av dei som kan vera IS, seier Fadia.

» Eg fortalte at alle hadde flykta frå IS og at kallet vårt var å hjelpa alle.

Fader Samir

Leva saman

Fader Samir forstår henne. Han har på si side hjulpet folk på flukt og med heilt ulik tru til å leva saman.

– Ein yezidi-familie likte ikkje å bu saman med sunnimuslimske familiar. Dei frykta at nokon kunne støtta IS. Eg fortalte at alle hadde flykta frå IS og at kallet vårt var å hjelpa alle. Etter eit år levde folk godt saman. Mange yezidi-familiar har også spurt meg om kross-teiknet vårt, seier fader Samir og held fram:

– Eg har forklart at krossen tyder kjærleik.

BYGGJER FOR USIKKER FRAMTID

Den krigsskadede kyrkja er reparert. Utanfor skal det byggjast leikeplass. Men ingen veit kva framtid dei byggjer for.

IRAK: TEKST, JOHANNES MORKEN; FOTO, PÅL BRENNE

I delar av landsbyen er det gjort store skadar, fortel Essam Wilson.



– Eg ønskjer meg til Europa. Men eg har ikkje pengar og må bli. Kyrkja ber oss også om å bli, seier Essam Wilson (27).

Vi er i landsbyen Tel Skuf tre mil nord for Mosul, den største byen i Nord-Irak. Dei kring 2 000 familiane som budde her før IS-invasjonen sommaren 2014, høyrer til den kaldeisk-katolske kyrkja. På vegen inn passerer vi sjekkpunktet som dei kurdiske peshmerga-styrkar kontrollerer.

Kulehol

Kulehol i murveggar ber tydeleg preg av kampar. Hit kom IS i august 2014. Heile landsbyen flykta. Her i Tel Skuf vart IS tvinga ut etter ti dagar. Men innbyggjarane var redde for å venda tilbake før IS var nedkjempa over alt. Det skjedde hausten 2016.

I dag har kring 900 av dei opphavleg 2000 familiane vendt heim. Dei fann husa plyndra. I denne landsbyen meiner innbyggjarane at kurdiske og irakiske styrkar må ha stått bak

plyndringa sidan IS ikkje, etter vitneutsegner frå folk som var tilbake i heimane sine, vandaliserte noko på sine ti dagar.

Nye kampar

Den kaldeiske kyrkja som var sterkt skadd av brann og granatnedslag, vart gjenoppbygd på fire månader hausten 2017, med utanlandsk pengestøtte.

Men så kom den kurdiske folkerøystinga 25. september i fjor – med overveldande oppslutnad om kravet om Kurdistan som eigen stat. Folkerøystinga blei også gjennomført i byar og landsbyar som den kurdiske regjeringa reknar som ein naturleg del av Kurdistan og som peshmerga-styrkane tok kontrollen over i kampen mot IS.

Etter at resultatet av folkerøystinga var klart, rykte irakiske regjeringsstyrkar inn og kriga dei kurdiske styrkane ut av den store byen Kirkuk. Ein av dei andre byane hæren prøvde å ta, var Tel Skuf. Det var harde kampar, men i denne landsbyen vann peshmerga-styrkane. Medan kampane pågjekk var folket på flukt for andre gong på tre år.

– Det var berre meg og nokre unge igjen, seier fader Salar. Då krigslarmen stilna, kom dei 900 familiane heim på nytt og prøvde endå ein gong å ta tak i håpet om ei framtid.

Fanga mellom to partar

Fader Salar vert rosa for innsatsen for å byggja oppatt kyrkja. Han har fleire planar. Like ved kyrkja er to hus rivne – to kristne familiar som flykta utanlands, har gjeve tomtene til kyrkja. Der skal det byggjast leikeanlegg. Barna vi møter kan knapt venta.

Men situasjonen er vanskeleg. På vegane møter Tel Skuf-folket vekselvis kurdiske styrkar og irakiske regjeringsstyrkar på sjekkpunkta.

– Vi kristne er fanga mellom dei. Men for oss er dette ikkje omstridde område, dette er vårt område, seier fader Salar.

Han byggjer for framtida, men han veit ikkje kva framtida blir. Unge har ingen jobbar å gå til. Mange eldre har ikkje noko å leva av.

Truga på livet

27 år gamle Essam Wilson flykta i 2014 frå Tel Keppe, ei mils veg unna. IS-krigarar stod på døra: «Kom dykk vekk, elles drep vi dykk.»



På fire månader bygde fader Salar kyrkja opp igjen etter dei store krigsskadane.



Dei gler seg til å leika på ein nye leikeplass.

Bror hans vart seinare drepen fordi han hadde vore tolk for amerikanske styrkar i Basra sør i Irak. Familien fann kroppen partert framfor huset.

– Eg stolar ikkje på muslimar etter dette. Naboar var brått i mot meg. Men eg hatar ingen, seier Essam Wilson. Han er sikker på at han aldri kjem heim til Tel Keppe der irakiske styrkar kontrollerer vegane og ein sjiamuslimsk milits har kontrollen inne i byen.

Ser håp

Fader Salar forstår dei unge som vil forlate Irak.

– Her er dei avhengig av at familiemedlemmar utanlands sender pengar. Dei vil ha eit verdig liv der dei klarar seg sjølve, seier fader Salar som også møter fattige som ikkje har noko å leva av. Men likevel ser han håp.

” Kanskje vil Gud hjelpa oss til nye liv her i vårt eige land.

Fader Salar

– Folket her trur at Gud vil hjelpa oss og verna oss. Difor har 8-900 familiane vendt tilbake for å byggja nye liv her. Det er mange prosjekt og eit stort håp som eg ikkje kan forklara.

– Kva seier du til unge som spør om dei skal dra frå landet?

– Eg oppmuntrar dei ikkje. Det er mange problem i Europa også. Kanskje vil Gud hjelpa oss til nye liv her i vårt eige land. Mykje avheng no av det irakiske valet i mai. Regjeringsstyrkane og peshmerga-styrkane har berre ein pause i striden om kontrollen her. Vi må venta og sjå om vi får hjelp til å byggja oppatt landsbyen vår, eller om folk dreg, seier fader Salar.

– Eller om vi dreg, legg han til.

FRYKTER HÅPLØSHETEN

Jenter på vei til skolen er et tegn på håp i Tel Skuf, Irak.

– Klarer vi ikke raskt å bygge opp igjen landet og bygge bro over den dype mistilliten mange kristne har til muslimer, vil håpløsheten komme for alvor, sier Emmanuel Youkhana.

I IRAK: TEKST, JOHANNES MORKEN; FOTO, PÅL BRENNE

Youkhana leder hjelpeorganisasjonen Capni (Christian Aid Program for Northern Iraq) som bidrar til å gjenoppbygge kristne landsbyer og hjelpe folk med arbeid og utdanning. Capni hjelper også yezidier som ble ofre for IS.

– Er det mulig å sikre en fremtid for kristne i Irak?

– Det er mulig, men ikke lett. Vi må bygge opp igjen tillit mellom religiøse, sosiale og etniske grupper. Vi må bygge infrastruktur, næringsliv og hus slik at folk kan vende hjem.

‘Ikke bli gisler’

– Mange kristne har ikke lenger tillit til muslimer. Hva sier du til dem?

– Folk tar ikke lenger sjansen på at naboer er knyttet til eller sympatiserer med IS. Det er fullt forståelig. Men vi må ikke bli gisler for våre minner, vi må i stedet lege dem. Det er en lang prosess. Prosessen tar enda lengre tid siden regjeringen i Bagdad ikke tar noen initiativ. Fire år etter at IS slo til er det ingen nasjonal debatt om hvorfor tragedien hendte og hvordan vi kan hindre at noe slikt skjer igjen. Regjeringen skraper bare på overflaten. Den gjør ikke noe for å nå grasrota og ofrene for IS.

– Hva skal en gjøre?

– Regjeringen må forandre pensum i skolene. For hva lærer vi våre barn siden vi har skapt en slik ekstrem bevegelse som IS? Vi må lære barna toleranse, ikke fundamentalisme.

” Vi må lære barna toleranse, ikke fundamentalisme.

Emmanuel Youkhana

Lovverket må sikre at alle føler seg likeverdige og ikke som andre- eller tredjerangs borgere.

Ikke tid

– Har de kristne som ennå ikke har forlatt Irak, tid til å vente?

– Vi har ikke den luksusen å ha god tid. Folk er trette. Vi må handle i år og de neste tre, fire, fem årene, ellers er kristendommen tapt i hjemlandet for østlig kristendom. Det vil også være et tap for Irak selv. I 2000 år har kristne og kirker vært en verdi for hele Midtøsten. I dag er vi kristne mer nødvendige enn noen gang: Over hele Midtøsten bygger sekteriske grupper murer. Kristne kan bygge broer.

– De mest pessimistiske sier at det bare er 150 000 kristne tilbake i Irak, mens det var halvannen million på 90-tallet. Hvor mange tror du det er?

– Vi har ingen statistikk. De mest optimistiske sier 250 000. Trolig er vi færre. I 1957 var vi 3 prosent av folket, i dag bare 0,8 prosent. Kristne har det relativt sett bedre i selvstyrte Kurdistan enn der Bagdad-regjeringen styrer, enten det er sunnimuslimske eller sjiamuslimske områder. De aller fleste kristne bor i kristne landsbyer i Kurdistan eller på Ninivesletten. Her kan vi investere for en fremtid.

Stille krav

– Hva kan gjøres?

– Solidariteten som enkeltkristne og kirker gir er viktig sammen med materiell støtte. Men mange europeere forstår dessverre ikke at det er svært stor forskjell på situasjonen for kristne i Europa og situasjonen for oss kristne i øst. Vi er minoriteter som ikke lever sammen med, men under muslimske majoriteter og stater. Kristne i Europa er majoriteter som tar imot minoriteter av muslimer i sekulære stater. Europa må dessuten, for å gi hjelp og drive business i Irak, kreve at Bagdad-regjeringen respekterer menneskerettigheter og minoritetsrettigheter. Dette må ikke bare være høflige fraser.

Savner protester

– Biskoper og enkeltkristne sier at IS har vist den sanne utgaven av islam. Hva mener du?

– Dersom IS ikke er den sanne utgaven av islam, fortell meg da hvem som har den rette? Vi lever i en global landsby. Muslimer er mine naboer og partnere,

våre barn går på skole sammen med muslimer. Vi må klare å leve sammen. Så langt har flertallet av muslimer og muslimske ledere – jeg vil ikke si alle – ikke vist oss sterkt nok at de er mot IS. Da karikaturene ble publisert i Danmark, var det store muslimske demonstrasjoner verden over. Kirker i Irak ble angrepet. De som demonstrerte, fortalte oss at karikaturene ydmyket islam. Når de nå sier at IS misbrukte islam: hvor mange demonstrasjoner har du sett verden over mot IS?

– Vi har hørt noen stemmer ...

– Ja, noen stemmer, men vi har ikke sett noen stor folkelig motstand. Det nytter ikke bare med fine fraser. Dersom de islamske institusjonene virkelig mener at IS ikke er det sanne islam, må de revidere pensum som underviser om vantroende og om jihad. La dem moderere imam-preknenene i moskeene. Ikke alle muslimer står for det IS mener. Jeg har mange muslimske venner, samarbeidsvillige og åpne. La oss investere i slike for å bygge en felles grunn, ikke felles dogmatisk grunn, men en felles grunn for utfordringene vi møter i dagliglivet.

Muslimer tror på Jesus

– Vi hører rapporter om muslimer som konverterer til kristen tro. Hva ser du av dette?

– Jeg mener noen overdriver rapportene. Dette er ennå ikke et fenomen. Noen muslimer konverterer her i Kurdistan. De risikerer ikke å bli stilt for retten og bli straffet, slik andre i samme situasjon utsettes for i den såkalte islamske verden og i Irak forøvrig. Derfor har de startet kurdisk-kristne kirker i de tre største byene her. Noen utsettes for utstøting i familier og lokalsamfunn. Men det er en liten pris sammenlignet med situasjonen andre steder.



Emmanuel Youkhana, som selv hører til den nestorianske kirken i Irak, håper i det lengste at det skal være mulig å sikre en fremtid for kristne i Irak.

FRA HELVETE TIL HELVETE — TIL HÅP

«Kim» (25) rømte fra verdens mest lukkede diktatur, men endte opp som sex-slave hos en voldelig eldre mann i Kina. Stefanusalliansens partner ble redningen.

TEKST OG FOTO:
THEA ELISABETH HAAVET, SEOUL

Det eneste Kim tør å vise på et bilde etter flukten er hendene. Møtet med smarttelefonen er et møte med en helt annen verden enn den hun flyktet fra.

– Hjertet mitt banker bare ved tanken på å snakke om fortiden, sier Kim.

Mange års mareritt er endelig over for den unge kvinnen som sitter på kontoret til Helping Hands Korea i Sør-Koreas hovedstad Seoul. Hun har sagt ja til å fortelle sin historie, men frykten sitter fortsatt i hele kroppen.

– Aller mest redd er jeg for at noe skal skje med familien min som straff for at jeg flyktet fra Nord-Korea, forteller hun.

Farefull ferd

Kim jobbet på et statlig gårdsbruk. Men inntekten var så lav at hun, som de fleste andre, måtte selge varer på det illegale markedet for å overleve.

– Nord-Korea er ikke så ille for de som har penger, men for de som ikke har det er landet et helvete. I landsbyen min hadde vi så lite mat at vi så vidt overlevde, forteller hun.

Med håp om et bedre liv valgte Kim å flykte til Kina, til tross for risikoen for å bli skutt av grensevakter. Ei venninne hadde dratt i forveien. Hun sendte en melding om at hun tjente gode penger i Kina, og inviterte Kim til det samme. Det Kim ikke visste var at venninnen, som mange andre kvinner som flykter, hadde havnet i menneskehandlernes hender. Meldingen var falsk, og førte Kim inn i samme fellen.

Solgt som brud

Da Kim kom til Kina, ble hun solgt som «brud» til en gammel kinesisk mann som drakk mye, skjelte henne ut og slo. Han passet på henne dag og natt, og hun fikk ikke forlate hjemmet i den lille landsbyen.

– Jeg var svært ulykkelig, forteller Kim.

Den unge kvinnen var desperat, men å kontakte kinesisk politi var ingen løsning. Hvis kinesiske myndigheter fant henne, ville hun bli sendt tilbake til avstraffelse i Nord-Korea. Som så mange kvinner som havner i samme situasjon, var hun helt uten rettigheter og beskyttelse. Til slutt kom Kim i kontakt med en koreansk-kinesisk kristen gruppe som besøkte landsbyen hennes, og som formidlet kontakt til hjelpere. Hun klarte til slutt å rømme, og ble sendt gjennom Kina via en hemmelig smuglerrute. Fortsatt var faren stor for å bli oppdaget av kinesisk politi og sendt tilbake til hjemlandet.

– Under flukten fikk jeg vite at en veldedig organisasjon hjelper oss og ber for oss, forteller Kim.

Heldigvis lyktes helperne med å frakte gruppen med flyktninger til et tredjeland, som sendte dem videre til Sør-Korea for å søke asyl.

Nytt liv

I Sør-Korea ventet flere ukers intervjuer med sikkerhetspoliti som ville forsikre seg om at Kim ikke var nordkoreansk spion. Etter det fulgte et reorienteringsprogram

» Aller mest redd er jeg for at noe skal skje med familien min som straff for at jeg flyktet fra Nord-Korea.

«Kim» (25)

hvor den unge nordkoreaneren blant annet lærte om demokrati, koreansk historie og markedsøkonomi. Det var også her Kim for første gang fikk høre om Gud og Jesus. På søndager var det tilbud om å delta på gudstjeneste.

– Jeg hadde aldri møtt noen kristne før. Hvis noen så mye som nevnte det ordet i Nord-Korea, kunne de jo bli drept. Men kristendommen er rett for meg. Den gir meg fred i hjertet.

– Vil det si at du regner deg som kristen nå?

– Ja. Det betyr ikke at jeg er en god kristen. Jeg vet ikke om jeg stoler på Gud, men på søndager går jeg til kirken. Der ber jeg for sikkerheten til familien min.

Stor overgang

Kim ble ferdig med reorienteringsprogrammet tidlig i 2018. Overgangen er stor fra det kommunistiske, kollektivistiske og isolerte Nord-Korea, til det ekstremt kapitalistiske, individualistiske og globaliserte Sør-Korea der konkurranse driver samfunnet.

Nordkoreanske avhoppere har generelt lavere inntekt og yrkesdeltakelse og mye høyere selvmordsrate enn resten av befolkningen. Mange sliter med post-traumatiske stresslidelser.

